



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 26.09.2019
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 12:45 - 16:45

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Frode Langhelle	H	Medlem
John Torsvik	H	Medlem
Wenke Fredheim Ekren	H	Medlem
Lene Hansen Kvamsdal	H	Medlem
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Ragnvald Tangedal	AP	Medlem
Arthur Reidar Sjursen	AP	Medlem
Jon Hope	Krf	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Wenche Daa	Sp	Medlem
Egil Kvingedal	V	Medlem
Janne Judith K. Sandnes	Frp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Bjarte Andvik	H	Medlem
Atle Nordland	H	Medlem
Bjørn Egil Nordland	AP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Hildegunn Bjånes	AP	Bjørn Egil Nordland
Henning Atle Fredriksen	H	Atle Nordland

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som og førte møteboka.

Sakliste

Saknr	Tittel
044/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
045/2019	Godkjenning av møtebok
046/2019	Auke i videreutlån 2019, startlån
047/2019	Husleige kommunale utleigebustader 2020
048/2019	Nordhordland kemnerkontor - samarbeidsavtale
049/2019	Vestlandsrevisjon IKS
050/2019	Investeringsprosjekt signalanlegg/velferdsteknologi ved Masfjorden sjukeheim
051/2019	Søknad om tilskot frå kraftfondet til investering i landbruket, Eli og Knut Audun Areklett
052/2019	Søknad om ekstraløyving til barne- og ungdomsarbeidarar i kyrkja
053/2019	Høyringsfråsegn - Utkast til nasjonal rettleiar for akutthjelparar
054/2019	Revisjon av konsesjonsvilkår knytt til Matrevassdraget i Masfjorden kommune
055/2019	Referatsak
056/2019	Finansrapportering pr. 31.8.2019/2.tertial 2019

044/2019: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

26.09.2019 KOMMUNESTYRET

Det vart sett fram framlegg om Arthur Sjursen (Ap) og Frode Langhelle (H) til å skrive under møteboka.

Jon Hope (KrF) las opp eit innspel til kulturminneplanen som ein kommentar til formannskapssak 052/19. Ordførar sa at dette innspelet vert journalført på rett sak.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 044/2019 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

045/2019: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

26.09.2019 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 045/2019 VEDTAK:

Møtebok vert godkjend.

046/2019: Auke i videreutlån 2019, startlån

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune tar opp nytt lån kr 5.000.000 i Husbanken til videreutlån i 2019, Startlån.

Det nye låneopptaket innarbeidast i investeringsbudsjettet for 2019:

- | | |
|---------------------------|-----------------------|
| · Utlån og forskoteringar | auke med kr 5.000.000 |
| · Bruk av lånemidlar | auke med kr 5.000.000 |

10.09.2019 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 068/2019 VEDTAK:

Masfjorden kommune tar opp nytt lån kr 5.000.000 i Husbanken til videreutlån i 2019, Startlån.

Det nye låneopptaket innarbeidast i investeringsbudsjettet for 2019:

- | | |
|---------------------------|-----------------------|
| · Utlån og forskoteringar | auke med kr 5.000.000 |
| · Bruk av lånemidlar | auke med kr 5.000.000 |

26.09.2019 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 046/2019 VEDTAK:

Masfjorden kommune tar opp nytt lån kr 5.000.000 i Husbanken til videreutlån i 2019, Startlån.

Det nye låneopptaket innarbeidast i investeringsbudsjettet for 2019:

- | | |
|----------------------------------|------------------------------|
| · Utlån og forskoteringar | auke med kr 5.000.000 |
| · Bruk av lånemidlar | auke med kr 5.000.000 |
-

047/2019: Husleige kommunale utleigebustader 2020

Rådmannen sitt framlegg:

Nye husleigesatsar for kommunale utleigebustadar innarbeidast i budsjett 2020 med verknad frå januar 2020.

Alle nye leigekontrakt inngåast utan rabattordning, med andre ord 100 % leige frå første måned.

10.09.2019 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 069/2019 VEDTAK:

Nye husleigesatsar for kommunale utleigebustadar innarbeidast i budsjett 2020 med verknad frå januar 2020.

Alle nye leigekontrakt inngåast utan rabattordning, med andre ord 100 % leige frå første måned.

26.09.2019 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

- Ingen auke i husleigeprisane no
- 80 % rabattordning vert vidareført.
- I høve rekruttering til kommunale stillingar, må rabattordninga nyttast.

Kommunestyret samla seg om at saka vert sendt attende til administrasjonen for vidare utgreiing og Ap trekk sitt forslag.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

KS - 047/2019 VEDTAK:

Saka vert sendt attende til administrasjonen for vidare utgreiing.

048/2019: Nordhordland kemnerkontor - samarbeidsavtale

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune går inn i samarbeidet kring Nordhordland kemnerkontor frå 1.1.2020 og godkjenner avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid mellom Alver kommune, Osterøy kommune, Modalen kommune og Masfjorden kommune slik den ligg føre i saksvedlegg – samarbeidsavtale og 2020 budsjett.

10.09.2019 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 064/2019 VEDTAK:

Masfjorden kommune går inn i samarbeidet kring Nordhordland kemnerkontor frå 1.1.2020 og godkjenner avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid mellom Alver kommune, Osterøy kommune, Modalen kommune og Masfjorden kommune slik den ligg føre i saksvedlegg – samarbeidsavtale og 2020 budsjett.

26.09.2019 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 048/2019 VEDTAK:

Masfjorden kommune går inn i samarbeidet kring Nordhordland kemnerkontor frå 1.1.2020 og godkjenner avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid mellom Alver kommune, Osterøy kommune, Modalen kommune og Masfjorden kommune slik den ligg føre i saksvedlegg – samarbeidsavtale og 2020 budsjett.

049/2019: Vestlandsrevisjon IKS

Rådmannen sitt framlegg:

1. Det vert etablert eit nytt interkommunalt revisjonsselskap, Vestlandsrevisjon IKS. Masfjorden kommune teiknar seg som eigar og godkjenner framlegg til selskapsavtale gjeldande frå stiftingsdato og fram til 31.12.2019.
2. Som kommunen sin representant i representantskapet i det nye selskapet vert ordførar valt, med varaordførarar som vara
3. Masfjorden kommune godkjenner selskapsavtale for Vestlandsrevisjon IKS som skal gjelde frå 1.1.2020
4. Når nytt selskap (Vestlandsrevisjon IKS) er vedteke stifta, blir NHR IKS avvikla

10.09.2019 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart tilrådd til kommunestyret.

FS - 065/2019 VEDTAK:

1. Det vert etablert eit nytt interkommunalt revisjonsselskap, Vestlandsrevisjon IKS. Masfjorden kommune teiknar seg som eigar og godkjenner framlegg til selskapsavtale gjeldande frå stiftingsdato og fram til 31.12.2019.
2. Som kommunen sin representant i representantskapet i det nye selskapet vert ordførar valt, med varaordførarar som vara
3. Masfjorden kommune godkjenner selskapsavtale for Vestlandsrevisjon IKS som skal gjelde frå 1.1.2020
4. Når nytt selskap (Vestlandsrevisjon IKS) er vedteke stifta, blir NHR IKS avvikla

26.09.2019 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 049/2019 VEDTAK:

1. **Det vert etablert eit nytt interkommunalt revisjonsselskap, Vestlandsrevisjon IKS. Masfjorden kommune teiknar seg som eigar og godkjenner framlegg til selskapsavtale gjeldande frå stiftingsdato og fram til 31.12.2019.**
 2. **Som kommunen sin representant i representantskapet i det nye selskapet vert ordførar valt, med varaordførarar som vara**
 3. **Masfjorden kommune godkjenner selskapsavtale for Vestlandsrevisjon IKS som skal gjelde frå 1.1.2020**
 4. **Når nytt selskap (Vestlandsrevisjon IKS) er vedteke stifta, blir NHR IKS avvikla**
-

050/2019: Investeringsprosjekt signalanlegg/velferdsteknologi ved Masfjorden sjukeheim

Rådmannen sitt framlegg:

Investeringsprosjektet signalanlegg/velferdsteknologi (vft) ved Masfjorden sjukeheimen startar opp september 19 med ei samla investeringsramme på kr. 2.074.000, finansiert med tilskot husbanken med kr. 1.141.000, meirverdiavgift med om lag kr. 415.000 og netto kommunal eigenfinansieringsdel vert om lag kr. 520.000

10.09.2019 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Formannskapet oppfordra rådmann til å lage mediasak når anlegget er klar til bruk.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 067/2019 VEDTAK:

Investeringsprosjektet signalanlegg/velferdsteknologi (vft) ved Masfjorden sjukeheimen startar opp september 19 med ei samla investeringsramme på kr. 2.074.000, finansiert med tilskot husbanken med kr. 1.141.000, meirverdiavgift med om lag kr. 415.000 og netto kommunal eigenfinansieringsdel vert om lag kr. 520.000

26.09.2019 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 050/2019 VEDTAK:

Investeringsprosjektet signalanlegg/velferdsteknologi (vft) ved Masfjorden sjukeheimen startar opp september 19 med ei samla investeringsramme på kr. 2.074.000, finansiert med tilskot husbanken med kr. 1.141.000, meirverdiavgift med om lag kr. 415.000 og netto kommunal eigenfinansieringsdel vert om lag kr. 520.000

051/2019: Søknad om tilskot frå kraftfondet til investering i landbruket, Eli og Knut Audun Areklett

Rådmannen sitt framlegg:

Eli og Knut Audun Areklett får ikkje tildelt tilskot gjennom kraftfondet til omsøkte investeringsføremål, ut i frå vedtektene og retningslinene til kraftfondet, § 2

10.09.2019 KRAFTFONDSSTYRET

Siri Tangedal Kratzmeier sa ho var inhabil i denne saka sidan søker er søstra.

Kraftfondstyret vedtok samrøystes (4 røyster) at Kratzmeier var inhabil og ho forlot møtet.

Saka vart drøfta.

Kraftfondstyret samla seg om følgjande tilleggs punkt til framlegg til vedtak:

1. Eli og Knut Audun Areklett får tildelt lån gjennom kraftfondet med stort kr stort kr. 100.000 til omsøkt investeringsføremål.
2. Lånet vert gitt med 5 års nedbetalingstid.
3. Lån med pant i eigedom/anlegg/utstyr
4. Frist med å nytte lånetilsagnet vert sett til den 26.09.2020

Framlegg til vedtak med tilleggs punkt lagt fram i møtet vart tilrådd til kommunestyret med 4 røyster.

KRFT - 010/2019 VEDTAK:

Eli og Knut Audun Areklett får ikkje tildelt tilskot gjennom kraftfondet til omsøkte investeringsføremål, ut i frå vedtektene og retningslinene til kraftfondet, § 2

1. Eli og Knut Audun Areklett får tildelt lån gjennom kraftfondet med stort kr stort kr. 100.000 til omsøkt investeringsføremål.
2. Lånet vert gitt med 5 års nedbetallingstid.
3. Lån med pant i eigedom/anlegg/utstyr
4. Frist med å nytte lånetilsagnet vert sett til den 26.09.2020

26.09.2019 KOMMUNESTYRET

Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) og Wenche Dåe (Sp) sa dei var inhabile i denne saka pga svogerskap til søkjar. Det vart samrøystes (14 røyster) vedteke at Kratzmeier og Dåe var inhabile og dei forlot møtet

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå Kraftfondstyret vart samrøystes (14 røyster) vedteke.

KS - 051/2019 VEDTAK:

Eli og Knut Audun Areklett får ikkje tildelt tilskot gjennom kraftfondet til omsøkte investeringsføremål, ut i frå vedtektene og retningslinene til kraftfondet, § 2

- 1. Eli og Knut Audun Areklett får tildelt lån gjennom kraftfondet med stort kr stort kr. 100.000 til omsøkt investeringsforemål.**
 - 2. Lånet vert gitt med 5 års nedbetalingstid.**
 - 3. Lån med pant i eigedom/anlegg/utstyr**
 - 4. Frist med å nytte lånetilsagnet vert sett til den 26.09.2020**
-

052/2019: Søknad om ekstraløyving til barne- og ungdomsarbeidarar i kyrkja

Rådmannen sitt framlegg:

Med tilvising til merknadane i saksutgreiinga kan ikkje Masfjorden kommune imøtekoma søknaden frå MKF om tilleggsøyving til barne- og ungdomsarbeidarar.

10.09.2019 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 060/2019 VEDTAK:

Med tilvising til merknadane i saksutgreiinga kan ikkje Masfjorden kommune imøtekoma søknaden frå MKF om tilleggsøyving til barne- og ungdomsarbeidarar.

26.09.2019 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Jon Hope (KrF) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune yter kr 47.000 for haust- og vårsemesteret 2019/2020.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Søknaden frå kyrkjeleg fellesråd skal jobbast inn i budsjetttramma til kyrkja.

Ap trekk eige framlegg til vedtak.

Det vart røysta over framlegg til vedtak frå KrF. Vedtak frå KrF vart samrøystes vedteke.

KS - 052/2019 VEDTAK:

Masfjorden kommune yter kr 47.000 for haust- og vårsemesteret 2019/2020.

053/2019: Høyringsfråsegn - Utkast til nasjonal rettleiar for akutthjelparar

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune tolkar at utkast til nasjonal rettleiar for akutthjelparar legg opp til ei forskyving av ansvar og oppgåver frå stat til kommune utan at det følj økonomiske ressursar med. Om dette likevel skjer er det viktig at dei økonomiske belastningane dette medfører vert kompensert. Dette er kostnader knytt til tapt arbeidsforteneste for menneska, økonomisk belastning for hovudarbeidsgjevar, opplæring, øving, utstyr, løn og sosiale utgifter for kommunane.

Utover dette har Masfjorden kommune fyljande konkrete og begrunna motsegner til endringar i dokumentet:

Økonomisk belastning for menneska / hovudarbeidsgjevar og kommunane (*kapp. 2.1.2 – Ved å benytte eksisterende ressursar vil merkostnadene ved en slik ordning være begrenset*)

Talet oppdrag har så langt auka jamnleg år for år. Dette medfører, i tillegg til den psykiske belastninga, ei økonomisk belastning for den enkelte brannkonstabel. Nokre arbeidsgjevarar er så rause at dei ikkje trekkjer sine tilsette i løn, men dei fleste av menneska vert påført eit økonomisk tap ved innsats. Sjølv om menneska før løn frå kommunen, er denne løna oftast lågare enn den dei får hjå hovudarbeidsgjevar.

Auka tal uttrykkingar gjev kommunane høgare kostnader på løn og sosiale utgifter. Det er ingen refusjon til kommunane på denne auken i utgifter. Om kommunane skal overta eit formelt ansvar må det tilførast økonomiske ressursar. Dette gjeld både for å dekke utgifter med uttrykkingar men også for å dekke kostnader knytt til øving og opplæring.

Oversikt på oppdrag for GMBR 2013 – 2018 :

År	Oppdrag akutthjelparfunksjon	Oppdrag brann og redning	Totalt
2013	21	31	52
2014	29	42	71
2015	35	35	70
2016	30	50	80
2017	60	25	85
2018	26 (pr. mai 2018)	12 (pr. mai 2018)	38 (pr. mai 2018)

Kompetanse (*kapp. 2.2.1 – Akutthjelpere er personell som har en definert minimumskompetanse*)

Akutthjelparane våre har ei basisopplæring på 16 timar. Utover dette har dei årleg trening i basal akuttmedisin som DHLR, behandling og handtering av blødningar, m.m. Dette er ikkje tilfredstillande for å handtera dei kritiske situasjonane akutthjelparane våre står overfor. Resursar som er sett av til denne opplæringa og øvingar er avgrensa i konkurranse med dei mange andre oppgåvene som er tillagt brann og redningstenesta.

Psykisk belastning på mannskapa (*kapp. 2.2.2 – Akutthjelpere skal være et supplement og ikke et alternativ til den ordinære akuttmedisinske beredskapen i helseforetak og kommuner*)

Det var ein føresetnad for kommunane då desse inngjekk avtale om tildeling av utstyr og opplæring at denne tenesta skulle vera eit supplement og ikkje ei erstatning til den ordinære akuttmedisinske beredskapen. Utkast til nasjonal rettleiar for akutthjelparar presiserer også at akutthjelpartenesta skal vera eit supplement og ikkje ei erstatning, men erfaring viser at brann og redningstenesta svært ofte må vera i overkant lenge åleine i situasjonen, noko som kan vera belastande for brannmannskapa i tillegg til at det påfører kommunane større kostnader enn om helseressursane kom tidlegare i forløpet.

Utkast til veileder viser til, under kappittel 2.5 (side 12) at tal frå det nasjonale hjerteregisteret viser til at median tid frå mottak av nødmelding ved AMK-sentralen til første helseenhet er framme hjå pasient er ca 9 minuttar. Det er då eit paradoks å tenke på at ein i vår kommune har, i ca. 90 % av utrykkingane, 50 minuttar frå mottak av melding til ambulansen er framme.

I tillegg er det berre ein ambulanse i distriktet. Om denne er på tur til sjukehuset, kan det gå inntil 6 timar før den er attende. Dette seier noko om belastninga på akutthjelparane. Av eigne erfaringar er aleinetid med pasient frå 45 til 90 minuttar til ambulansen er på plass ikkje uvanleg for brannmannskapa i Gulen og Masfjorden.

29.08.2019 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 055/2019 VEDTAK:

Masfjorden kommune tolkar at utkast til nasjonal rettleiar for akutthjelparar legg opp til ei forskyving av ansvar og oppgåver frå stat til kommune utan at det føl økonomiske ressursar med. Om dette likevel skjer er det viktig at dei økonomiske belastningane dette medfører vert kompensert. Dette er kostnader knytt til tapt arbeidsforteneste for mannskapa, økonomisk belastning for hovudarbeidsgjevar, opplæring, øving, utstyr, løn og sosiale utgifter for kommunane.

Utover dette har Masfjorden kommune fyljande konkrete og begrunna motsegner til endringar i dokumentet:

Økonomisk belastning for mannskapa / hovudarbeidsgjevar og kommunane (*kapp. 2.1.2 – Ved å benytte eksisterende ressursar vil merkostnadene ved en slik ordning være begrenset*)

Talet oppdrag har så langt auka jamnleg år for år. Dette medfører, i tillegg til den psykiske belastninga, ei økonomisk belastning for den enkelte brannkonstabel. Nokre arbeidsgjevarar er så rause at dei ikkje trekkjer sine tilsette i løn, men dei fleste av mannskapa vert påført eit økonomisk tap ved innsats. Sjølv om mannskapa får løn frå kommunen, er denne løna oftast lågare enn den dei får hjå hovudarbeidsgjevar.

Auka tal utrykkingar gjev kommunane høgare kostnader på løn og sosiale utgifter. Det er ingen refusjon til kommunane på denne auken i utgifter. Om kommunane skal overta eit formelt ansvar må det tilførast økonomiske ressursar. Dette gjeld både for å dekke utgifter med utrykkingar men også for

å dekke kostnader knytt til øving og opplæring.

Oversikt på oppdrag for GMBR 2013 – 2018 :

År	Oppdrag akutthjelparfunksjon	Oppdrag brann og redning	Totalt
2013	21	31	52
2014	29	42	71
2015	35	35	70
2016	30	50	80
2017	60	25	85
2018	26 (pr. mai 2018)	12 (pr. mai 2018)	38 (pr. mai 2018)

Kompetanse (kapp. 2.2.1 – Akutthjelpere er personell som har en definert minimumskompetanse)

Akutthjelparane våre har ei basisopplæring på 16 timar. Utover dette har dei årleg trening i basal akuttmedisin som DHLR, behandling og handtering av blødningar, m.m. Dette er ikkje tilfredstillande for å handtera dei kritiske situasjonane akutthjelparane våre står overfor. Resursar som er sett av til denne opplæringa og øvingar er avgrensa i konkurranse med dei mange andre oppgåvene som er tillagt brann og redningstenesta.

Psykisk belastning på mannskapa (kapp. 2.2.2 – Akutthjelpere skal være et supplement og ikke et alternativ til den ordinære akuttmedisinske beredskapen i helseforetak og kommuner)

Det var ein føresetnad for kommunane då desse inngjekk avtale om tildeling av utstyr og opplæring at denne tenesta skulle vera eit supplement og ikkje ei erstatning til den ordinære akuttmedisinske beredskapen. Utkast til nasjonal rettleiar for akutthjelparar presiserer også at akutthjelpartenesta skal vera eit supplement og ikkje ei erstatning, men erfaring viser at brann og redningstenesta svært ofte må vera i overkant lenge åleine i situasjonen, noko som kan vera belastande for brannmannskapa i tillegg til at det påfører kommunane større kostnader enn om helseressursane kom tidlegare i forløpet. Utkast til veileder viser til, under kappittel 2.5 (side 12) at tal frå det nasjonale hjerteregisteret viser til at median tid frå mottak av nødmelding ved AMK-sentralen til første helseenhet er framme hjå pasient er ca 9 minuttar. Det er då eit paradoks å tenke på at ein i vår kommune har, i ca. 90 % av utrykkingane, 50 minuttar frå mottak av melding til ambulansen er framme. I tillegg er det berre ein ambulanse i distriktet. Om denne er på tur til sjukehuset, kan det gå inntil 6 timar før den er attende. Dette seier noko om belastninga på akutthjelparane. Av eigne erfaringar er aleinetid med pasient frå 45 til 90 minuttar til ambulansen er på plass ikkje uvanleg for brannmannskapa i Gulen og Masfjorden.

26.09.2019 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 053/2019 VEDTAK:

Masfjorden kommune tolkar at utkast til nasjonal rettleiar for akutthjelparar legg opp til ei forskyving av ansvar og oppgåver frå stat til kommune utan at det føl økonomiske ressursar med. Om dette likevel skjer er det viktig at dei økonomiske belastningane dette medfører vert kompensert. Dette er kostnader knytt til tapt arbeidsforteneste for mannskapa, økonomisk belastning for hovudarbeidsgjevar, opplæring, øving, utstyr, løn og sosiale utgifter for

kommunane.

Utover dette har Masfjorden kommune fyljande konkrete og begrunna motsegner til endringar i dokumentet:

Økonomisk belastning for mannskapa / hovudarbeidsgjevar og kommunane (kapp. 2.1.2 – Ved å benytte eksisterende ressursar vil merkostnadene ved en slik ordning være begrenset)

Talet oppdrag har så langt auka jamnleg år for år. Dette medfører, i tillegg til den psykiske belastninga, ei økonomisk belastning for den enkelte brannkonstabel. Nokre arbeidsgjevarar er så rause at dei ikkje trekkjer sine tilsette i løn, men dei fleste av mannskapa vert påført eit økonomisk tap ved innsats. Sjølv om mannskapa får løn frå kommunen, er denne løna oftast lågare enn den dei får hjå hovudarbeidsgjevar.

Auka tal utrykkingar gjev kommunane høgare kostnader på løn og sosiale utgifter. Det er ingen refusjon til kommunane på denne auken i utgifter. Om kommunane skal overta eit formelt ansvar må det tilførast økonomiske ressursar. Dette gjeld både for å dekke utgifter med utrykkingar men også for å dekke kostnader knytt til øving og opplæring.

Oversikt på oppdrag for GMBR 2013 – 2018 :

År	Oppdrag akutthjelparfunksjon	Oppdrag brann og redning	Totalt
2013	21	31	52
2014	29	42	71
2015	35	35	70
2016	30	50	80
2017	60	25	85
2018	26 (pr. mai 2018)	12 (pr. mai 2018)	38 (pr. mai 2018)

Kompetanse (kapp. 2.2.1 – Akutthjelpere er personell som har en definert minimumskompetanse)

Akutthjelparane våre har ei basisopplæring på 16 timar. Utover dette har dei årleg trening i basal akuttmedisin som DHLR, behandling og handtering av blødningar, m.m. Dette er ikkje tilfredstillande for å handtera dei kritiske situasjonane akutthjelparane våre står overfor. Resursar som er sett av til denne opplæringa og øvingar er avgrensa i konkurranse med dei mange andre oppgåvene som er tillagt brann og redningstenesta.

Psykisk belastning på mannskapa (kapp. 2.2.2 – Akutthjelpere skal være et supplement og ikke et alternativ til den ordinære akuttmedisinske beredskapen i helseforetak og kommuner)

Det var ein føresetnad for kommunane då desse inngjekk avtale om tildeling av utstyr og opplæring at denne tenesta skulle vera eit supplement og ikkje ei erstatning til den ordinære akuttmedisinske beredskapen. Utkast til nasjonal rettleiar for akutthjelparar presiserer også at akutthjelpartenesta skal vera eit supplement og ikkje ei erstatning, men erfaring viser at brann og redningstenesta svært ofte må vera i overkant lenge åleine i situasjonen, noko som kan vera belastande for brannmannskapa i tillegg til at det påfører kommunane større kostnader enn om helseressursane kom tidlegare i forløpet.

Utkast til veileder viser til, under kappittel 2.5 (side 12) at tal frå det nasjonale hjerteregisteret viser til at median tid frå mottak av nødmelding ved AMK-sentralen til første helseenhet er framme hjå pasient er ca 9 minuttar. Det er då eit paradoks å tenke på at ein i vår kommune har, i ca. 90 % av utrykkingane, 50 minuttar frå mottak av melding til ambulansen er framme.

I tillegg er det berre ein ambulanse i distriktet. Om denne er på tur til sjukehuset, kan det gå inntil 6 timar før den er attende. Dette seier noko om belastninga på akutthjelparane. Av eigne erfaringar er

aleinetid med pasient frå 45 til 90 minuttar til ambulansen er på plass ikkje uvanleg for
brannmannskapa i Gulen og Masfjorden.

054/2019: Revisjon av konsesjonsvilkår knytt til Matrevassdraget i Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune ber NVE om at det vert starta opp arbeid med revisjon av konsesjonsvilkåra knytt til Matrevassdraget.

10.09.2019 FORMANNSKAPET

Frode Langhelle (H) stilte spørsmål om han var inhabil til å behandle denne saka.

Formannskapet vedtok samrøystes (4 røyster) at Langhelle var inhabil og han forlot møtet.

Saka vart drøfta.

Formannskapet samla seg om fylgjande framlegg til tilråding:

Masfjorden kommune startar opp arbeidet med revisjon av konsesjonsvilkåra knytt til Matre- og Haugsdalvassdraget.

Framlegg om vedtak sett fram i møtet vart tilrådd til kommunestyret med 4 røyster.

FS - 063/2019 VEDTAK:

Masfjorden kommune startar opp arbeidet med revisjon av konsesjonsvilkåra knytt til Matre- og Haugsdalvassdraget.

26.09.2019 KOMMUNESTYRET

Frode Langhelle (H) sa han var inhabil i saka sidan han har leiaransvar i BKK. Kommunestyret vedtok samrøystes (15 røyster) at Langhelle var inhabil og han forlot møtet.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes (15 røyster) vedteke.

KS - 054/2019 VEDTAK:

Masfjorden kommune startar opp arbeidet med revisjon av konsesjonsvilkåra knytt til Matre- og Haugsdalvassdraget.

055/2019: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

26.09.2019 KOMMUNESTYRET

Interpellasjon:

Janne Judith K Sandnes (FrP): Interpellasjon vedr. urettmessig innkreving av barnehagebetaling for novemberbarn.

Viser til svarbrev overfor frå Masfjorden kommunen der eit foreldrepar har fått medhald i at dei er urettmessig krevd for barnehagebetaling for perioden 15. august til 30. september 2018, då oppstartdato var sett til 1. november 2018.

Dette vil truleg også gjelde fleire foreldre/føresette i Masfjorden kommune. Vil alle dei som urettmessig er krevd for betaling av barnehageplass få sine pengar tilbakebetalt for perioden dei ikkje nytta barnehageplassen? Kan vi no vere sikker på at denne praksisen om urettmessig innkreving av betaling for barnehageplass opphøyrer?

Rådmannen svara:

Vi har gått igjennom kva barn dette gjeld, og dei vil få refundert sine pengar. (Det gjeld ikkje mange).

Sakshandsamar for opptak er kjend med desse reglane og vil no endra praksis, ein vil i tillegg vera i tett dialog med søkjarane

Ønska oppstartsdato er eit punkt på søknadsskjema så dette vil vera utgangspunkt for dialogen med søkjar. Dette gjeld spesielt for 1 åringar.

Informasjonen på kommunen si heimeside seier at ein betaler for plassen frå og med tildelt oppstartsdato. 1 åringar får oppstartsdato frå og med den månaden dei fyller 1 år dersom dette er ynskje frå søkjar. Dette vert presisert på heimesida.

Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) spurte om kommunestyret kunne få ei orientering om status for ungdomsrådet.

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen orienterte om status.

Jon Hope (KrF):

Handred ved trapp frå hovudvegen og opp på kyrkjegarden ved Sandnes kyrkje.

Underskrivne vart av ein eldre person gjort merksam på at ved desse få trappetrinna ved inngangen til kyrkjegarden var det ingen ting å halde seg i.

Eg gjekk opp denne vegen no 1.september, og opplevde det godt å ha ei hand å halde seg i, men er ein åleine, trengs det eit handred eller rekkverk å halde seg i. Eg trur ikkje det vil verta noko stor kostnad.

Spørsmålet er difor: Kunne ordføraren ta dette spørsmålet vidare, og syta for at det vert sett opp ei rekkverk ved desse trappetrinna.

Ordførar svar at det hadde han alt gjort.

Referatsaker:

Skriv 1: Fråsegn mot vindkraftutbygging

Orientering frå ordførar:

- Ordførar orienterte om status for Masfjordbrua

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 055/2019 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

056/2019: Finansrapportering pr. 31.8.2019/2.tertial 2019

Rådmannen sitt framlegg:

Finansrapport pr. 31.8.2019/2.tertial vert teken til vitring

26.09.2019 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 056/2019 VEDTAK:

Finansrapport pr. 31.8.2019/2.tertial vert teken til vitring

Rett utskrift frå møteboka frå kommunestyret 26.09.19 vert vitna:

Karstein Totland
ordfører

Arthur Sjursen
kommunestyremedlem

Frode Langhelle
kommunestyremedlem